

# Turforslag: Ytre Arna og omegn

Fjellområda rundt Ytre Arna byr på varierte muligheter for friluftsliv som passar dei aller fleste. Her kan ein finne både korte rundturar for heile familien, lengre turar for dei meir erfarne og ulike opplevingar langs vatn og på fjelltoppar. Dette kartet gir deg oversikta over dei flotte fjellområda og tips til turar av ulik lengde. Nokre utvalte rundturar er merka i kartet med ulike fargekodar, målt ut frå lengde og utfordringar. Det er sjølv sagt også mulig å finne dine egne favoritturar og variere frå gong til gong. Dei fleste stiane er godt merka og skilta, slik at du skal trygt finne fram.

På fjella på kan du også bade, leike, raste, ro eller leite etter skjulte skattar. Bruk dette kartet aktivt til å utforske turterrenget.

Meir informasjon om bruk av turområda kan du finne på: [www.bergen.kommune.no](http://www.bergen.kommune.no) (Grøn Etat)



## Allemannsretten

Allemannsretten gir alle rett til å gå på tur og opphalde seg i utmarka. Det vil sei at ein har lov til å fritt gå i terrenget der det ikkje er hagar, dyrka mark eller liknande. Å bruke fjella og utmarka gir mange gode opplevingar og god helse. Turområda rundt Ytre Arna gir mange ulike muligheter for heile familien, og store delar av det er skilta og tilrettelagt slik at ein skal finne fram til både fjell, vatn og aktivitetsområde. Allemannsretten inneber også ein del pliktar overfor grunneigarar, andre brukarar av turområdet og ikkje minst naturmiljøet. Vi ber om at ferdsel skjer omsynsfullt og med varsemd. Bruk allemannsretten - ta turen ut og vis omsyn!



## Bruk av ild og grill

Det er forbode å gjere opp ild i skog og mark rundt Ytre Arna i perioden 15.april til 15.september. Ved bruk av bål og grill utanom denne perioden må det alltid vere ein person som står ansvarlig for opptenninga, og slokkeutstyr eller tilgjengelig vatn må alltid vere klart i forkant. All ild må slokkast grundig før ein forlét området, og grill og boss må takast med bort frå staden.



## På tur med hund

Frå 1.april til 21.august er det påbode å ha hund i band alle stader i Bergen kommune, også i fjellområda. I beiteområde for husdyr er det utvida bandtvang til 31.oktober. Frå 21.august til 1.april er det generelt tillatt å ha hunden laus i utmarka rundt Ytre Arna, men ikkje på Arna Stadion. Hugs likevel at hundar berre kan gå laus når dei vert følgt og kontrollert på ein aktsam måte. Hundeauføring skal i alle tilfelle plukkast opp i takast med i pose, og ikkje bli liggande igjen i turområda!

## Turforslag kategorior:

- Lette turar for heile familien
- Middels turar
- Lange turar
- Motbakkeløyper



BERGEN KOMMUNE

# Turstikart

Ytre Arna, Haugland og Kvamme



## Ulvaberget

Ulvaberget har kanskje den beste utsikta over Spåkevatnet og er ein perfekt stad å legge inn ein rast. Stigninga opp til toppen er moderat og er normalt overkommelig også for barn.



## Lavvo

På Sætreffjellet kan du finne ein flott liten lavvo, som tilhøyrer Ytre Arna barnehage. Dette er eit perfekt turmål for dei yngste. Her kan du klatre i tre, turne i taua og gjerne spise matpakka inne i teltet. Kombiner gjerne denne turen med ein tur til Osen eller til Spåkefjellet og få med deg flott utsikt.

## Hetlebakksåta

Om ein går opp via Tuftadalen og Liafjellet, kjem ein snart opp på Hetlebakksåta. Dette er eit flott turmål i seg sjølv, men er også eit utgangspunkt for ulike rundturar. Det kan anbefalast å legge turen via Hetlebakka og tilbake over Høgehaugen, eller å gå ned det vakre Fosseskaret, med utsikt over Breistein og Osterøy.



## Spåkevatnet

Dei større vatna rundt Ytre Arna har over lang tid blitt brukt til å produsere straum til Arne Fabrikker, men er også svært gode turmål. Spåken er ein favoritt blant både små og store. Her kan ein mellom anna bade om temperaturen tillet det, eller ein kan låne båt for å ro utpå og fiske om ein vil. Frå fjelltoppane rundt får ein dessutan utsikt over vatnet som er vel verd turen.


## Motbakkeløp

Turløypene rundt Ytre Arna er stort sett lett kuperte, men det finst også større utfordringar for dei som ønskjer å ta seg litt meir ut. Dei oransje løypene opp til Storeknappen og Erviknipa byr på skikkelige motstand for einkvar. Kven når toppen på kortast tid?



## Norhytta

Norhytta er over 100 år gammel og eigd av Arna Turn og Idrettslag. Hytta er restaurert og er eit perfekt mål for ein langtur med innlagt rast i solveggen. Frå Norhytta kan du ta ei rekke turar vidare på byfjella: Du kan gå over til Vardegga, til Ulriken, til Rundemanen eller ned til Haugland. Meir detaljerte kart over dei sentrale byfjella finn du ved Austrestølane (Kvamme), ved Haugland skule eller på Bergen kommune sine heimesider.



## Geocaching

Geocaching er ein form for skattejakt, kor ein ved hjelp av ein app på mobilen kan leite seg fram til ulike «skattar» langs stiar og vegar. Denne formen for orientering er spennande og engasjerande for alle, og kan gi ekstra opplevingar på fjellturen. Fjellområda på dette kartet er fulle av spor som andre har plassert ut, og du kan også sjølv legge ut nye spor. Last ned app på mobilen og ta turen ut på jakt etter boksar, figurar og loggbøker.



# Turstikart

## Teiknforklaring



- Lett tur
- Middels tur
- Lang tur
- Motbakkeløype
- Stiar og turveggar

- Ytre Arna Sentrum
- Utsiktspunkt
- Startpunkt
- Infoskilt
- Parkering
- Rasteplass
- Badeplass
- Busshaldeplass

## Turforslag

### Lette turar for heile familien:

- Tuftadalen - Liatjørna
- Gamsebotstjørna - Spåkefjellet - Arna Stadion
- Stemmevatnet - Ulvaberget

### Middels turar:

- Hetlebaksåta - Fosseskaret - Breisteinslia
- Hetlebaksåta - Birkelandsnipa - Høgehaugen
- Beitelen - Ulvaberget - Storeknappen
- Spåkevatnet - Stemmevatnet - Gamsebotstjørna

### Lange turar:

- Vårheia - Austrestølane - Norhytta  
(Du kan også følgje sti vidare til Vardegga)

### Motbakkeløyper:

- Ervikskaret opp: Breistein - Erviknipa
- Brandsdalsløypa: Flatane - Erviknipa
- Hundhaugen - Storeknappen

